



EIGARSKAPSKONTROLL

FJORD KOMMUNE

Eigarskapskontroll 2022

OKTOBER 2022

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeforetak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på heimesida vår:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne eigarskapskontrollen etter vedtatt bestilling frå kontrollutvalet i Ford kommune.

Kontrollen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og NKRF sin standard for eigarskapskontroll RSK 002.

Rapporten er ei oppsummering av resultatane frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om eigarskapskontroll i Fjord kommune. Revisjonen er utført av Ingvild Bye Fugelsøy og Kurt Anders Løvoll i perioden juni til oktober 2022.

Sidan eigarskapsmeldinga er vedteken i år, og fleire punkt i meldinga ikkje har fått virke fullt ut, har dette blitt ein litt meir avgrensa eigarskapskontroll enn vanleg.

Vi ønsker å takke alle som har bidrege til denne eigarskapskontrollen.

Ålesund, 02.11,22

Kurt Anders Løvoll
Oppdragsansvarleg revisor

Ingvild Bye Fugelsøy
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Som følgje av at dette er ein relativt kort rapport set vi berre konklusjonar/tilrådingar inn i samandraget.

Etter vår vurdering er eigarstyringa delvis i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding og sentrale folkevalde er eigarrepresentantar. Men vi er usikre på om det blir gitt god nok opplæring, og det er ikkje gjennomført eigardag i kommunestyret eller «Fag/tematiske dialogmøter» som planlagt.

Etter vår vurdering er ikkje eigarstyringa tilstrekkeleg i samsvar med strategien. Det er ikkje oppnemnt administrative kontaktpersonar og det er ikkje sendt melding om eigarstrategien til føretaka. Det er heller ikkje fullt ut journalført innkallingar og protokollar frå generalforsamlingane.

Fjord kommune bør slik vi ser det vurdere å:

- Gjennomføre eigardag og fag/tematiske dialogmøte i tråd med vedteken eigarskapsmelding.
- Sjå nærare på om folkevalde skal ha meir opplæring innanfor eigarskap.
- Sjå nærare på om ein skal utarbeide ein mal for årleg tilstandsrapportering frå aktuelle føretak.
- Korrigere punkt om «føringane eigarutvalet gjev» i eigarskapsmeldinga.
- Kommunisere eigarskapsmeldinga til alle føretak, og også kommunisere tydeleg eigarskapsmeldinga sitt punkt om at korrespondanse skal sendast til postmottak i kommunen for journalføring.
- Eventuelt sjå nærare på om punktet over kan gjennomførast i samband med helsing frå ordførar.
- Utnemne administrative kontaktpersonar for dei enkelte føretaka så raskt som mogleg.
- Sjå nærare på ein plan for «saksmapper» i arkivsystemet som gjer det enkelt å journalføre og å følgje opp at dokument er på plass.
- Avklare om det ligg noko ekstra krav om utarbeiding av årshjul i punkt 11 i overordna prinsipp «*Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak*» ut over årshjulet som allereie ligg i eigarskapsmeldinga.

Rapporten har vore sendt til høyring til kommunedirektør og ordførar. Kommunedirektøren svarte at «*Administrasjonen vil så snart som råd innarbeide dei momenta det er peika på i konklusjonen.*» Høyringssvar ligg i eige vedlegg.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHALD

1	INNLEIING.....	4
1.1	Bakgrunn og bestilling	4
1.2	Problemstilling.....	4
1.3	Revisjonskriterium.....	4
1.4	Metode	5
2	ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED KRAV OG ANBEFALINGAR?	6
2.1	Revisjonskriterium.....	6
2.2	Funn.....	6
2.3	Vurdering.....	9
2.4	Konklusjon	10
3	ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED STRATEGIEN?	11
3.1	Revisjonskriterium.....	11
3.2	Funn.....	11
3.3	Vurdering.....	13
3.4	Konklusjon	13
	REFERANSELISTE.....	15

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet har etter Kommunelova (KL) ansvar for å kontrollere om dei som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring, jfr. KL § 23-2,d) og 23-4. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

21. mars 2022 bestilte kontrollutvalet i Fjord kommune ein prosjektplan for ein ny eigarskapskontroll. Prosjektplan vart vedteken 01.juni 2022.

Prosjektet sitt føremål er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis rutine for oppfølging av eigarskap (føretak) er. Prosjektet er generelt knytt til kommunen sin eigaroppfølging av alle selskap, og ein har sett litt nærare på 3 selskap.

1.2 PROBLEMSTILLING

Kontrollutvalet har valt to problemstillingar som skal svarast ut i rapporten. I den første problemstillinga ser vi på om kommunen si eigarstyring er i samsvar med krav og anbefalingar, mens vi i den andre problemstillinga tar utgangspunkt i kommunen sin nyleg vedteke eigarstrategi. Følgande problemstillingar skal svarast ut:

2. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med krav og anbefalingar?
 - Kommunelova
 - KS sine anbefalingar
3. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med eigarskapsstrategien?

1.3 REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. I denne kontrollen er revisjonskriteria henta frå:

- Kommunelova § 26-1
- KS Folkevalgprogram 2019-2023. Anbefalingar om eierskap, selskapsledelse og kontroll.
- Fjord kommune si Eigarskapsmelding, vedtatt 10.2.2022 i sak 007/22

Det går fram meir om revisjonskriteria under kvar problemstilling i kapittel 2.1, 3.1 og er utleidde i eige vedlegg.

1.4 METODE

Eigarskapskontrollen er utført i tråd med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for eigarskapskontroll er RSK 002 som er utarbeidd av NKRF.

Det er gjennomført samtaler med ordførar, kommunedirektør og økonomisjef. Det er vidare sett i arkivsystemet på kva dokumentasjon som ein finn knytt til enkelte selskap, og ein har sett nærare på eigarskapsmeldinga. Rapporten har vore sendt på faktasjekk og høyring til kommunedirektør og ordførar.

Sidan ein har funne at eigarskapsmeldinga enno ikkje ser ut til vere godt nok kommunisert til selskapa, og at den heller ikkje er implementert fullt ut i administrasjonen har ein valt å ikkje gjennomføre intervju/oppfølging direkte overfor enkeltselskap i denne omgang. Det vil etter vår vurdering vere naturleg å gjere dette i neste eigarskapskontroll i kommunen.

Vi meiner at dei data vi har henta inn er tilstrekkelege for å svare ut problemstillingane i denne omgang.

2 ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED KRAV OG ANBEFALINGAR?

2.1 REVISJONSKRITERIUM

- Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.
- Eigarskapsmeldinga skal innehalde:
 - Kommunen sine prinsipp for eigestyling
 - Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
 - Kommunen sitt formål
- Folkevalde skal få opplæring i eigarskap
- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnst som representantar i eigarorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret.

2.2 FUNN

EIGARSKAPSMELDINGA

Revisjonskriterium

- Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.

Funn

Fjord kommune har ei eigarskapsmelding, som vart vedteke 10.2.2022 av kommunestyret i sak 7/22. Noverande eigarskapsmelding er kommunen si første melding. Denne skal rullerast kvar valperiode, fyrste gong i løpet av 2023 til 2026.

Revisjonskriterium

Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigestyling
- Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i

- Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i selskap/føretak.

Funn

Eigarskapsmeldinga til Fjord kommune er tredelt. Del 1 er en generell del som tek for seg overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar. Fjord kommune har i eigarskapsmeldinga:

- ✓ definert 11 prinsipp for eigarstyring¹.
- ✓ Oversikt over alle selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser i.
- ✓ Eit utval av føretaka er næmare omtala med føremål og målsettingar

OPPLÆRING I EIGARSKAP

Revisjonskriterium

- Folkevalde skal få opplæring i eigarskap

Funn

Kommunen gjennomfører eit to dagars kurs for kommunestyret ved kvart nyval. Kommunen følgjer KS si mal for opplæring. Kommunedirektør opplyser at det er eit ynskje frå dei folkevalde med meir konkret opplæring i eigarstyring. Eigarmeldinga legg opp til eit årshjul for eigaroppfølging. I årshjulet kjem det fram kva som er dei faste møteplassane for dialog og informasjon. Det legg også opp til at det skal vere ein open dialog med rom for kontakt og møte ved behov.

Figur 1. Årshjul for eigaroppfølging

Aktivitet	Jan	Feb	Mar	April	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Evt eigarhelsing frå ordførar												
Styret si eigenevaluering												
Generalforsamling												
Fag/Tematiske dialogmøter												
Eigardag med kommunestyre												
Opplæring i styrearbeid etter oppnemning												
Møter ved behov												

¹ Sjå prinsippa i vedlegg 3

Kjelde: Eigarskapsmelding for Fjord kommune

Vi ser at årshjulet bland anna legg til rette for ein eigardag i kommunestyret i juni, men dette er ikkje gjennomført. Eigarskapsmeldinga legg også opp til «Fag/tematiske dialogmøter» i feb/mars og sep/okt. Dette er heller ikkje gjennomført.

EIGARMØTE OG RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET

Revisjonskriterium

- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.

Funn

Kommunedirektør opplyser at dei ikkje har hatt rutine for å rapportere på tilstanden i dei ulike selskapa som kommunen har eigarinteresser i, men at dette nå er tatt inn i eigarskapsmeldinga som vart vedtatt i februar 2022. Det blir opplyst om at dei ønsker å få utarbeidd malar for den årlege rapporteringa på tilstand, men dette har dei ikkje på plass enno. I følgje eigarskapsmeldinga si årshjul for eigaroppfølging skal kommunestyret ha ein eigardag i juni, dette er som nemnt over ikkje gjennomført i år.

STYRET

Revisjonskriterium

- Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnast som representantar i eigarorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret.

Funn

I eigarskapsmeldinga for Fjord kommune går det fram at det er ordførar som representerer kommunen i eigarorgana i selskap/føretak som er deleigde, men dette kan delegerast. Vidare går det fram at det er formannskapet som er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.

Meldinga inneheld også føringar knytt til erfaring og kompetanse i styra. Det er vidare fram i eigarskapsmeldinga at styremedlemmar blir peika ut av kommunestyret etter innstilling frå ei valnemnd. Eit anne punkt i eigarskapsmeldinga er at det så snart som mogleg etter at val av styremedlemmar er gjennomført, skal bli gitt tilbod om opplæring i styrearbeid.

Det går og mellom anna fram at styret skal gjennomføre ei årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid sett opp mot føretaket sine vedtekter i samsvar med årshjul, innan 1.februar.

I intervju blir det opplyst at ein er usikker på dette med kompetanseoppfølging i styrer, og at dette med styreevaluering truleg er varierende frå selskap til selskap.

Storfjord Helsesenter AS

Fjord kommune eig 49,09% av aksjane i selskapet. Kommunestyret oppnemner eit medlem (med vararepresentant) til styret. Det er 3 styremedlemmer. Økonomisjef i kommunen står for dagleg leiing av selskapet. Selskapet er drive på ideell basis utan erverv som føremål.

Valldal Fjernvarme AS

Fjord kommune eig 96% av aksjane i selskapet. Valnemnda innstiller på styreleiar. Det er 3 styremedlemmer. Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis. Styreleiar står også for dagleg leiing.

Stordal Næringsbygg AS

Fjord kommune eig 100% av aksjane i selskapet. Kommunestyret oppnemner både styreleiar og 2 styremedlemmar.

Generalforsamling for selskapet skal ifølge eigarskapsmeldinga vere formannskapet. I 2022 er likevel generalforsamlinga slik vi forstår det gjennomført etter gamal ordning der ordførar var generalforsamling.

2.3 VURDERING

Med den nye kommunelova som vart gjeldande frå 2020 kom det ei bestemming om at kommunar skal utarbeide ei eigarskapsmelding minst ein gong kvar valperiode, og det kom krav til innhaldet i meldinga. Fjord kommune vedtok i februar 2022 ei slik eigarskapsmelding, som etter vår vurdering inneheldt det som lova krev.

KS har ein del anbefalingar om korleis kommunar bør følgje opp sine eigarskap, vi ser at mange av desse anbefalingane også er tatt inn i kommunen si vedtekne eigarskapsmelding. Etter vår vurdering har kommunen likevel enno ikkje har tatt tak i fleire av rutinane for oppfølging av sitt eigarskap som meldinga legg opp til. Men det er og slik eigarskapsmeldinga er vedteken i februar 2022, og at til dømes dette med at styret skal gjennomføre eignevaluering innan 1. februar først vil kunne etterprøvast i 2023.

Etter vår vurdering har kommunen reglar og praksis som sikrar at sentrale folkevalde vert oppnemnt som representant i eigarorgana. Ordførar er den som i dag skal representere kommunen som eigar i deleigde føretak, og for heileigde aksjeselskap er det formannskapet som er generalforsamling. Men jf. neste kapittel ser vi at det til dømes i eit av selskapa er gjennomført generalforsamling med ordførar aleine, men der den nye eigarskapsmeldinga krev at det skulle vore formannskapet.

Vidare er det i eigarskapsmeldinga retningsliner på at kommunestyret sjølv vel styremedlemmar i nokre av selskapa.

Vi er meir usikre på om det blir sikra god nok opplæring om eigarskap til folkevalde. Mellom anna er ikkje eigardag for kommunestyret i juni slik eigarskapsmeldinga legg opp til, gjennomført, og det er heller ikkje gjennomført «Fag/tematiske dialogmøter» i feb/mars og sep/okt. Kommunedirektøren opplyser også at folkevalde har etterlyst meir konkret opplæring om dette.

Til slutt vil vi peike på at i eigarskapsmeldinga under avsnittet om ordførar går fram at:

«Ordførar møter som kommunen sin representant i føretaka sine eigarorgan, med dei føringane eigarutvalet gjev.».

Fjord kommune har ikkje eigarutval, og dette er nok ein skrivefeil som heng med frå eit tidlegare dokument.

2.4 KONKLUSJON

ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED KRAV OG ANBEFALINGAR?

Etter vår vurdering er eigarstyringa delvis i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding og sentrale folkevalde er eigarrepresentantar. Men vi er usikre på om det blir gitt god nok opplæring, og det er ikkje gjennomført eigardag i kommunestyret og «Fag/tematiske dialogmøter» som planlagt.

Fjord kommune bør slik vi ser det vurdere å:

- Gjennomføre eigardag og fag/tematiske dialogmøte i tråd med vedteken eigarskapsmelding.
- Sjå nærare på om folkevalde skal ha meir opplæring innanfor eigarskap.
- Sjå nærare på om ein skal utarbeide ein mal for årleg tilstandsrapportering frå aktuelle føretak.
- Korrigere punkt om «føringane eigarutvalet gjev» i eigarskapsmeldinga.

3 ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED STRATEGIEN?

3.1 REVISJONSKRITERIUM

- Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.
- All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)
- Kommunedirektør skal peike ut administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.
- Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.

3.2 FUNN

Det er eit krav i eigarskapsmeldinga går at det skal utarbeidast eit årshjul som sikrar gode rutinar og dialog mellom eigar og føretak. I den same eigarskapsmeldinga er det som nemnt over også utarbeidd eit overordna årshjul for eigaroppfølging.

Eigarskapsmeldinga legg opp til at ordførar skal sende eit årleg eigarskapsbrev, ei helsing frå eigar med utdrag av overordna føringar knytt til kommunen sin eigarskapspolitikk. Ordførar opplyser i intervju at dette ikkje er gjennomført enno.

Det kjem fram i intervju at ordførar opplever å ha ein god dialog med selskapa, og at arbeidet med eigarskapsmeldinga har vore nyttig då det har gitt ordførar som eigarrepresentant eit betre grunnlag når ein møter i eigarorgana.

I intervju går det fram at det er litt forskjellig korleis innkallingar og elektronisk kommunikasjon blir gjort. Eigarskapsmeldinga var ikkje sendt ut til alle, og det ser ut til at nokre framleis har sendt innkallingar mv. direkte til ordførar, og ikkje til kommunen sitt postmottak slik ein ønsker. Dette har medført at ikkje alt er journalført slik det skulle vore gjort.

Kommunedirektøren opplyser at han ennå ikkje har utpeika administrative kontaktpersonar for det enkelte føretak som eigarskapsmeldinga seier. I intervju har kommunedirektøren opplyst at ein ønsker at ansvaret skal vere knytt til stillingar, og ikkje enkeltpersonar.

For dei aller fleste selskapa har kommunen utarbeidd ein eigarstrategi, denne er omhandla i eigarskapsmeldinga del 2.

Storfjord Helsesenter AS

Eigarstrategi i eigarskapsmelding:

Fjord kommune (tidlegare Norddal kommune) si deltaking i selskapet var med formål om å samle helseteneste i dåverande Norddal kommune på ein plass. Det var også eit

mål med selskapet å samlokalisere helseteneste med Muritunet, Ambulansestasjon og andre helse- og velverebbringande aktivitetar. Satsing på Natur, kultur og helse i Norddal kommune var eit viktig element for etablering av Storfjord Helsesenter AS. Storfjord Helsesenter AS er også etablert for saman med Muritunet AS å skape eit sterkt helsefagleg miljø i Valldal.

Når det gjeld journalføring av kommunikasjon er det ikkje journalført verken innkallingar til generalforsamlingar eller protokollar i åra 2020-2022. I 2020 og 2021 er det journalført val av styrerepresentant.

Valldal Fjernvarme AS

Eigarstrategi i eigarskapsmelding:

Fjord kommune (tidlegare Norddal kommune) ville etablere felles miljøvenlege energiproduksjon for bruk i oppvarming av bygg, basseng, mm i Valldal sentrum. Produksjon ved bruk av varmepumpeteknologi med sjøvarme som basis. Samdrift med Valldal Grønt AS er viktig då dei brukar same anlegget til innfrysing av bær. Miljøaspektet var viktig for etablering av selskapet, samt å oppfylle dåverande teknisk forskrift om oppvarming av bygg.

I arkivsystemet har vi funne innkalling til generalforsamling i 2022, men vi har ikkje funne protokoll. I 2021 ligg det ikkje innkalling og protokoll til ordinær generalforsamling, men det ligg innkalling og protokoll til ekstraordinær generalforsamling i oktober 2021. I 2020 ligg det føre innkalling til generalforsamling, men ikkje protokoll.

Stordal Næringsbygg AS

Eigarstrategi i eigarskapsmelding:

Eigarstrategien har vore å kunne legge til rette for at eksisterande verksemder skal kunne halde fram, samt legge til rette for nyetableringar. Ikkje minst det siste har gjort at Næringsbygget har fungert som eit godt verktøy i kommunen sitt næringsutviklingsarbeid. Fjord kommune vil vurdere sin eigarskap i Stordal Næringsbygg AS.

I arkivsystemet finn vi verken innkalling til generalforsamling eller protokoll i 2022. I 2021 ligg det føre innkalling til generalforsamling, men vi har ikkje funne protokoll til. I 2020 finn vi verken innkalling eller protokoll frå generalforsamlinga i arkivsystemet. Ordførar opplyser om at innkallingar og møtereferat frå generalforsamling er sendt til henne som ordførar.

3.3 VURDERING

Etter vår vurdering hadde ikkje Fjord kommune rutinar som har sikra god eigarstyring. For å betre denne vart det utarbeidd eigarskapsmelding, som vart behandla i formannskapet og i kommunestyret, sist vedtatt av kommunestyret 10.2.2022. Meldinga legg føringar som gjer at kommunen skal ha ei eigarstyring som er i samsvar med reglar og anbefalingar.

Vi vurderer det slik at det er fleire punkt i meldinga som ikkje er følgt opp enno.

I eigarskapsmeldinga går det fram at

«All kommunikasjon mellom føretak og kommunen skal som hovudprinsipp først i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)»

Og

«All formell korrespondanse med føretak skal gå via Fjord kommune sitt postmottak eller med kopi til postmottak. E-post adresse: post@fjord.kommune.no»

Etter vår vurdering er journalføringa mangelfull, og det manglar ei rekkje innkallingar og protokollar i arkivsystem.

Vidare er krav i eigarskapsmeldinga om at «*Kommunedirektøren utpeikar administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.*» heller ikkje følgt opp. Dersom dette hadde vore på plass, kunne den enkelte mellom anna følgje opp at alle innkallingar, protokollar mv er på plass.

Når det gjeld dette med årshjul er det i eigarskapsmeldinga eit krav om å utarbeide dette. Samstundes inneheld eigarskapsmeldinga sjølv eit årshjul. Dersom det er tenkt at det skal utarbeidast ytterlegare årshjul (til dømes for enkelselskap) bør det kanskje klargjerast tydelegare.

Eigarstrategien for føretaka går i stor grad fram i eigarskapsmeldinga, og dette er etter vår vurdering bra. Ordførar stadfester også at arbeidet som vart gjort i samband med eigarskapsmeldinga har vore nyttig då det gir eit betre grunnlag når ein møter i eigarorgana.

3.4 KONKLUSJON

ER KOMMUNEN SI EIGARSTYRING I SAMSVAR MED STRATEGIEN?

Etter vår vurdering er ikkje eigarstyringa tilstrekkeleg i samsvar med strategien. Det er ikkje oppnemnt administrative kontaktpersonar og det er ikkje sendt melding om eigarstrategien til føretaka. Det er heller ikkje fullt ut journalført innkallingar og protokollar frå generalforsamlingane.

Etter vår vurdering bør Fjord kommune vurdere å:

- Kommunisere eigarskapsmeldinga til alle føretak, og også kommunisere tydeleg eigarskapsmeldinga sitt punkt om at korrespondanse skal sendast til postmottak i kommunen for journalføring.
- Eventuelt sjå nærare på om punktet over kan gjennomførast i samband med helsing frå ordførar.
- Utnemne administrative kontaktpersonar for dei enkelte føretaka så raskt som mogleg.
- Sjå nærare på ein plan for «saksmapper» i arkivsystemet som gjer det enkelt å journalføre og å følge opp at dokument er på plass.
- Avklare om det ligg noko ekstra krav om utarbeiding av årshjul i punkt 11 i overordna prinsipp *«Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak»* ut over årshjulet som allereie ligg i eigarskapsmeldinga.

REFERANSELISTE

KS Folkevaldprogram 2019-2023 Tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR

Rapporten er sendt til høyring til kommunedirektør og ordførar. Det mottatt følgjande høyringssvar frå kommunedirektøren:

SV: Høyringsrapport.pdf



Karl Andre Birkhol <Karl.Andre.Birkhol@fjord.kommune.no>

Til Kurt Anders Løvoll

Kopi Møre og Romsdal Revisjon SA; Eva Hove

 Du svarte på meldingen 28.10.2022 15:39.

Underteikna har følgjande kommentar til høyringsutkastet:

Administrasjonen vil så snart som råd innarbeide dei momenta det er peika på i konklusjonen.

Med helsing

Karl Andre Birkhol

Kommunedirektør

Mob: 941 66 992

www.fjord.kommune.no



Fjord
kommune

VEDLEGG 2: REVISJONSKRITERIUM

I denne eigarskapskontrollen har vi nytta følgjande revisjonskriterium:

- Kommuneleva § 26-1
- KS Folkevalgprogram 2019-2023. Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll.
- Fjord kommune si Eigarskapsmelding, vedtatt 10.2.2022 i sak 007/22

I den nye kommunelova, som vart gjeldande frå 2020, kom det inn ein bestemming i § 26-1 om at:

- Kommuner skal minst en gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret. Eigarskapsmeldinga skal minst innehalde:
 - Kommunens prinsipp for eigarstyring
 - En oversikt over selskaper, kommunale foretak og andre virksomheter som kommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
 - Kommunens formål med sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i selskap/føretak.

Frå KS sine anbefalingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll har vi valt ut følgjande punkt/anbefaling:

- Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigenskap
- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnamnas som representantar i eigarorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret.

Kommunestyret i Fjord har 10.2.2022 i sak 007/22 vedteke at:

- 4 Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.
- 5 All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)
- 6 Kommunedirektør utpeikar administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.
- 7 Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.

REVISJONSKRITERIUM

- Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.
- Eigarskapsmeldinga skal innehalde:
 - Kommunen sine prinsipp for eigestyring
 - Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
 - Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i selskap/føretak.
- Folkevalde skal få opplæring i eigarskap
- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnst som representantar i eigarorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret.
- 8 Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.
- 9 All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)
- 10 Kommunedirektør skal peike ut administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.
- 11 Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.

VEDLEGG 3: OVERORDNA PRINSIPP FOR EIGARSTYRING

Utdrag frå eigarskapsmeldinga:

Overordna prinsipp for eigarstyring

Fjord kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si i tråd med prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga. Fjord kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring. Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle føretak der kommunen har styrerepresentasjon. Stiftingar der kommunane kan nemne opp styremedlemmer skal også omfattast av nemnda sitt arbeid. Kommunestyret vedtek retningslinjer for nemnda sitt arbeid.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde føretak.
3. Formannskapet er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
4. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
5. Styremedlemar vert valt for to år, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
6. Medlemmer av formannskapet er ikkje valbare til styre der formannskapet er generalforsamling.
7. Medlemmer av kontrollutval er ikkje valbare til styrer.
8. Varamedlemmar skal oppnemnast der dette er aktuelt. Varamedlemmar skal primært oppnemnast i nummerorden, men der eigarkonstellasjonane tilseier det, skal det oppnemnast personlege varamedlemmar.
9. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaka.
10. Formannskapet skal ivareta aktiv oppfølging av kommunen sin eigarskapspolitikk.
11. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden. Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.

Føretak der Fjord kommune ikkje er eineeigar:

Fjord kommune har interesser i fleire føretak som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse føretaka. Fjord kommune som deleigar i føretak ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Spesielt om styret frå eigarskapsmeldinga:

Det er ikkje eigar, men styret, som har ansvaret for føretaksstyringa. Styret er føretaket si leiing, og styrer på vegne av eigarane. Styret har ansvar for at føretaket blir forvalta i samsvar med eigar sine interesser, og skal ivareta den strategiske leiinga av føretaket innanfor dei rammene som er gitt av eigar. Dette inneber mellom anna at:

- Styret skal føre kontroll og formulere føretaksstrategiar, fatte vedtak og legitimere verksemda.
- Vedtek styreinstruks for selskapet og instruks for dagleg leiar.
- Styret har ansvar for økonomien til føretaket og vurdering av om det er grunnlag for vidare drift.
- Styret skal sørge for at det årleg vert gjennomført ein oppfølgingssamtale med dagleg leiar. I aksjeselskap skal styret gjennomføre ein årleg samtale med revisor utan at dagleg leiar er til stades.
- Styret skal kvart år legge fram årsmelding for generalforsamlinga som gir eit komplett bilete av føretaket.
- Saker til generalforsamlinga eller tilsvarande organ skal sendast, med forslag til saksliste og alle relevante saksdokument til eigar helst innan 30 dagar, eller andre avtalte fristar, før møtet.
- Styret skal gjennomføre ei årleg eigenevaluering av styrets arbeid sett opp mot føretaket sine vedtekter i samsvar med årshjul, innan 1. februar.
- Leiar i valkommite har ansvar for at dette skjer. Eigenevalueringa skal sendast til eigar.
- Styret skal kvart år rapportere til eigar knytt til nivå på leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaket.
- Styret kan ta initiativ til eigarmøte for å bidra til god kommunikasjon mellom eigar og føretak.

Styret skal vere ein viktig diskusjonspart og støttespelar til leiinga i føretaket i større saker. Samtidig må styret kontrollere dagleg leiars arbeid ut i frå gitte målsettingar. Styret må derfor ha ei uavhengig rolle i forhold til dagleg leiar. Eit kompetent styre må kunne utfordre dagleg leiar og føretaket slik at det blir tatt gode avgjerder.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor definerte behov for kvart føretak og omfattar områda:

- Kunnskap om føretaket si verksemd.
- Bransjekunnskap.
- Spesialkompetanse og erfaring innanfor område som juss, økonomi, finans, rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag mv.
- Erfaring frå leiing og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar.
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning.
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.

Styreverv i føretak er personleg, dvs. at dei enkelte styremedlemmane ikkje representerer parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta føretaket sine interesser innanfor dei rammene som er gitt av eigar(ane) gjennom vedtekter og eigarstrategi. Det fordrar høg integritet og evne til å vere konfidensiell om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder.

Så snart som mogeleg etter at val av styremedlemmer er gjennomført, skal det bli gitt tilbod om opplæring i styrearbeid. Kommunen som eigar forventar at føretaket arbeider målretta med å ivareta sitt samfunnsansvar slik det er nedfelt i eigarskapsmeldinga.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.